SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Oppgåvedeling i Sogn og Fjordane

Rapport frå ei faggruppe
oppnemnd av KS og fylkestinget

Haustkonferansen 2015

Tore Eriksen

Sogndal, 18.11.2015

Nokre moment:

- Mandat og organisering
- Føresetnader for faggruppa sine vurderingar
- Oppgåver til kommunane
- Oppgåver til det regionale folkevalde nivået
- Statlege fag- og kompetansemiljø i fylket

Faggruppa har vore samansett slik:

- Tore Eriksen, fylkesrådmann i Sogn og Fjordane
- Terje Heggheim, rådmann i Flora, rådmannsutvalet
- Håkon Loftheim, rådmann i Askvoll, HAFS-regionråd
- Alf Olsen, rådmann i Lærdal, Sogn Regionråd
- Per Kristian Storevik, rådmann i Stryn, Nordfjordrådet
- Børge Tvedt, rådmann i Jølster, SIS-kommunane

Fylkestinget sitt vedtak i sak 05/15:

1. Fylkestinget løyver kr. 450.000,- til eit utgreiingsarbeid som viser ei muleg oppgåvedeling mellom staten og kommunesektoren og innbyrdes i kommunane. Løyvinga vert finansiert over bufferfondet.
2. Fylkestinget legg til grunn at utgreiinga vert lagt fram for fylkespolitisk handsaming i løpet av 2015.
3. Utgreiinga må ta utgangspunkt i dei sterke fag- og kompetansemiljøa vi har i fylket og korleis desse miljøa kan ta på seg større oppgåver, samt forslag til flytting av nasjonale, statlege oppgåver til Sogn og Fjordane.

Føresetnader for faggruppa sine vurderingar:

- Nasjonale utgreiingar som grunnlag
- Innbyggargrunnlag og geografisk storleik som kriterium
- Prinsipiell tilnærming til oppgåvefordelinga (demokratireform)
- Generalistkommuneprinsippet
- Framtidige kommunar i Sogn og Fjordane – ulike alternativ



Oppgavefordelingen ved en kommune- og regionreform

Rapport fra en arbeidsgruppe nedsatt av fylkesordfører-/rådslederkollegiet og KS

2014

Kriterium for god kommunal oppgåveløysing

1. Tilstrekkeleg kapasitet
2. Relevant kompetanse
3. Tilstrekkeleg distanse
4. Effektiv tenesteproduksjon
5. Økonomisk soliditet
6. Valfridom
7. Funksjonelle samfunnsutviklingsområde
8. Høg politisk deltaking
9. Lokal politisk styring
10. Lokal identitet
11. Brei oppgåveportefølje
12. Statleg rammestyring



Oppgåver til kommunane	Minimum kommunestorleik			
	50 000	15-20 000	10 000	< 5 000
Den allmenne tannhelsetenesta	X			
Rehabilitering		X		
Hjelpemidlar		X		
Bustadar				X
NAV - arbeidsretta tiltak				X
Barnevern tillagt BUF-etat	X			
Familievern		X		
Frivilligsentralar				X
Kultur				X
Natur-, miljø- og ressursforvaltning		X		
Konsesjonar for småkraftverk				X
Lokal næringsutvikling		X		
Mindre fylkesvegar				X

Den ålmenne tannhelsetenesta – døme på faggruppa si vurdering:

- *Faggruppa meiner den ålmenne tannhelsetenesta krev eit visst innbyggargrunnlag og ein viss etterspurnad for å kunne ivareta eit fagmiljø med utfyllande kompetanse. Faggruppa anslår at dette krev eit innbyggargrunnlag i storleiken 50 000. Innbyggargrunnlaget kan leggje til rette for å ivareta rekruttering, rettleiing og kompetanseutvikling innanfor tannhelsetenesta.*

- *Faggruppa meiner at tannhelsetenesta skil seg frå primærhelsetenesta kommunane no har ansvaret for på vesentlege område. Utover det reint faglege har tannhelsetenesta ei meir omfattande betalingsordning, ikkje tilsvarande NAV-refusjonar, samt andre typar pasientprioriteringar og –rettigheiter. Ein har også ulike kvalitetssystem.*
- *Faggruppa meiner innbyggargrunnlaget for dei spesialiserte tannhelsetenestene og ansvarstilhøva knytt til dei fem regionale odontologiske kompetansesentra må vurderast nærare.*

Oppgåver til regionalt nivå	Regionstorleik	
	Større regionar tilnærma landsdelane	Fylkeskommunane
Statens vegvesen (regionkontor)	X	
Kultur		X
Den regionale miljøvernforvaltninga		X
Den regionale landbruksforvaltninga		X
Naturressursforvaltning		X
Forsking		X
Prosjekt og prosjektskjønsmidlar		X
Statleg barnevern - BUF-etat		X
Integrering, mangfald og busetjing		X

Oppgåver til regionalt folkevalt nivå – døme på vurderingar:

- *Faggruppa støttar rapporten frå fylkesordførarane samt vedtaket i KS, og viser til at kommunar på 15-20 000 innbyggarar bør få overført oppgåver innan utmarks- og miljøforvaltninga. Også kommunar med eit lågare innbyggartal kan overta oppgåvene t.d. ved eit betydeleg samanfall med utmarks- og verneområdeforvaltninga og/eller dersom verne-utfordringane i kommunen er store. Fleire oppgåver til kommunesektoren vil medverke til å integrere og tilpasse miljøvernet i høve til regional og lokal utvikling, samferdsle, kulturminne, planlegging og arealforvaltning.*

- *Faggruppa meiner folkevalde regionar bør ivareta ansvaret for forvaltning av mineralske ressursar samt å tildele konsesjonar til vind- og vasskraftverk som det ikkje er naturleg å leggje til kommunane, t.d. småkraftverk mellom 1-10 MW.*

- *Regionalt folkevalt nivå bør overta oppgåver innan barnevernsområdet som ikkje kan leggjast til kommunen, slik situasjonen var før 2004. Ei overføring av ansvaret som i dag ligg til BUF-etat må innebere at stillingsressursar og fagkompetanse følgjer med til det nivået som overtek oppgåvene.*

Statlege fag- og kompetansemiljø i Sogn og Fjordane

- Rekrutteringssituasjonen i fylket i dag?
- Oppgåver og funksjonar som kompetansemiljøa ønskjer å utvikle?
- Oppretting og/eller utflytting av statlege arbeidsplassar – kva kjem?
- Erfaringar med å jobbe i ein «delt organisasjon»?
- Strategiar for nye funksjonar, tenester og arbeidsplassar?

Utvalde statlege funksjonar og arbeidsplassar i fylket

Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI)

Distriktssenteret – kompetansesenter for distriktsutvikling

NAV Økonomiteneste

Lotteri- og stiftingstilsynet

Noregs vassdrags- og energidirektorat

Statkraft Region Midt-Noreg

Høgskulen i Sogn og Fjordane

Statens vegvesen – Region Vest

Helse Førde HF

Stiftinga Vestlandsforsking

Innovasjon Noreg

Utvalde statlege verksemder i fylket

Tabell: Statlege institusjonar i Sogn og Fjordane

Nasjonale statlege institusjonar	Direktoratet for forvaltning og IKT, DIFI (hovudkontor) Distriktssenteret – kompetansesenter for distriktsutvikling (avd.) Lotteri- og stiftingstilsynet (hovudkontor) NAV Økonomiteneste (hovudkontor)
Regionale statlege institusjonar	Helse Førde HF Høgskulen i Sogn og Fjordane Noregs vassdrags- og energidirektorat (regionkontor) Statens Vegvesen Region Vest (regionkontor) Statkraft Region Midt-Noreg (regionkontor) Innovasjon Noreg
Andre relevante offentlege fag- og kompetansemiljø	Stiftinga Vestlandsforsking

Rekrutteringssituasjonen: basisargument for utflytting

- For å sikre framtidig utvikling av private og offentlege arbeidsplassar i fylket, er tilgangen på kvalifisert arbeidskraft avgjerande.
- Gjennomgåande gode erfaringar knytt til rekruttering hjå statlege verksemder.
- Det å hente inn ny kompetanse, eller å behalde den ein har, kan vere ei utfordring – og særleg spesialist- og leiarkompetanse er krevjande.
- Viktig for søkjarar at dei får nytta fagutdanninga si, og at dei har eit fagmiljø av noko storleik.
- Fleire verksemder ser alt no ein auke i etterspurnaden etter ingeniørstillingar.
- Viktige stimuleringstiltak er tilbod om kompetanseutvikling, fokus på ein «lærande organisasjon», nettverksbygging, lærlingordning, traineeopplegg, mentorordning, coaching og jobbrotasjon.
- «Jobb nr. 2» for par er ein nøkkelfaktor som fleire nemner.

Faggruppa si tilråding i 10 punkt:

1. Faggruppa rår til at det både på politisk og administrativ side i fylket er høg bevisstheit i høve konkrete vekst- og utviklingsinitiativ frå statlege fag- og kompetansemiljøa i tida framover.

2. Det bør opprettast eit «Nasjonalt kompetansesenter for busetnad og integrering» i Sogn og Fjordane.

3. Vi bør i Sogn og Fjordane arbeide for at Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) utvidar sin strategiske kunnskap innanfor ein regional kontekst i tillegg til den kompetansen Fylkesmannen og DSB representerer i dag.

4. Faggruppa meiner det bør arbeidast for ei snarleg etablering av eit større nasjonalt fengsel i Sogn og Fjordane.

5. Faggruppa støttar framlegget om å flytte ut fleire funksjonar som i dag ligg i Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) til Vestlandet.

Framh.

Faggruppa si tilråding i 10 punkt:

6. Leiinga ved statlege regionale etatar og verksemder bør primært fokusere på faglege kvalifikasjonar og eigne kompetansefortrinn når dei skal sannsynleggjere etablering av nye oppgåver, tenester og funksjonar i fylket.

7. I tillegg bør ein særleg i politisk arbeid for utflytting/etablering av statlege arbeidsplassar halde fram reelle argument som syner fylket sine fortrinn.

8. For å imøtekome etterspurde kvalitetar som større fagmiljø og fagleg utvikling, er det viktig at offentlege verksemder etablerer operative/effektive fagnettverk.

9. Faggruppa rår til at det vert etablert eit regionalt samarbeidsforum på tvers av forvaltningsnivåa knytt til rekruttering og etablering av attraktive fagmiljø.

10. Dersom den nasjonale evalueringa av fylkesmannsembetet kjem fram til at embeta bør slåast saman i ein ny regional struktur, bør Fylkesmannen i Sogn og Fjordane få i oppgåve å leie den nye regionale tilsyns-, klage-, kontroll- og beredskapseining for Vestlandsfylka.

SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Tore Eriksen
Fylkesrådmann
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
www.sfj.no | tore.eriksen@sfj.no
sentralbord: +47 57656100 | mob: +47 41530932